



Monica Sævdal Næss
Listveitvegen 42
5937 Bøvågen

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/6208 - 23/65266

Saksbehandlar:
Roba Alserhan
roba.al.serhan@alver.kommune.no

Dato:
23.08.2023

Fritak frå kravet om gjødselplan gbnr 425/1 Haugland

Administrativt vedtak: Saknr: 875/23

VEDTAK:

Alver kommune gjev med heimel i § 5 i forskrift om gjødselplanlegging foretaket Monica Sævdal Næss dispensasjon frå kravet om gjødselplan i 5 år fram til 25.08.2028 for gbnr 425/1 då bruket er ekstentivt drive. Dersom det i løpet av desse 5 åra er endringar i areal, dyretal eller nytta gjødselmengde slik at føresetnadane for dispensasjon vert endra , må det fremjast ny søknad.

Saka gjeld:

Føretaket **Monica Sævdal Næss** har søkt om fritak for gjødselplan på grunn av ekstensiv drift på gbnr 425/1. Drifta er 113 vinterfora sauer. Driftsforma er utegangardrift og det vert difor ikkje oppsamla gjødsel. Føretaket eig 12,5 daa fulldyrka mark ,15,1 daa innmarksbeite og 12,7 daa overflatedyrka mark. Føretaket leiger også 21 daa fulldyrka mark , 90 daa innmarksbeite og 33 daa overflatedyrka. Søkjeren brukar ikkje kunstgjødsel.

VURDERING:

I forskrift om gjødselplanlegging står det i § 5 at kommunen kan etter søknad frå føretaket dispensera frå kravet om gjødselplan for føretak som vert drive svært ekstensivt. Gjødslinga skal vera under 50% av normgjødsling. Bruket ligg under 50 % av normgjødsling. Bruket er lite, har få gjødseldyreiningar (GDE=0) og har stort areal i høve til dyretalet

Regelverk

Forskrift om gjødselplanlegging.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: « 23/6208 »

Med vennleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge
Avdelingsleiar

Roba Alserhan
Rådgjevar Landbruk

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Monica Sævdal Næss

Listveitvegen 42

5937

Bøvågen